

Ein humanetisk refleksjon over begrepa SYND, TILGJEVING OG NÅDE

Hovedtema for TFT 2010 er SYND, TILGIVELSE OG NÅDE. Desse fenomena vil vi belyse i alle nummera av TFT dette året frå ulike livssynsmessige forhold. I nummer 2 ser vi på desse i lys av Humanetsik Forbund.

Etter samtal med sjukepleiar og høgskulektor Gunnhild Høgås.

Av Tove Giske

Eg pleier ikkje så ofte å diskutera livssynet mitt. At eg er medlem i Human Etisk Forbund, er noko som følest svært naturleg for meg. Human Etisk Forbund (HEF) er ein organisasjon som samlar menneske med ulike oppfatningar om livet. Vi har ikkje faste dogme eller levereglar å følge. Hovudtanken som samlar oss er at vi ikkje trur på ei overordna makt som styrer oss. Livssynet vårt bygger på menneskerettane og det er her eg har funne levereglar for livet mitt.

Vi i HEF er alltid opne for å diskutera livssynet vårt, for sjølv om vi har dette felles, så har vi ulike oppfatningar av kva det inneber. Nokre av oss er veldig religionskritiske og går hardt ut mot religion generelt. Men tanken er fri, og eg meiner at kvart menneske kan tru og gjere det dei vil, så lenge ikkje denne trua og handlingane til dette mennesket går utover andre.

HEF har mennesket i sentrum, og meiner at mennesket i seg sjølv har ein ibuande ukrenkeleg verdi. For ein Human Etikar står mennesket og det mellom-mennskelege i sentrum. Etikken bygger på at mennesket har sin ibuande verdigheit der fornuft, erfaring og tenking er viktig. Slik eg ser det, vert mennesket sine handlingar målt ut frå om det krenker andre eller ikkje, og ut frå det vert dei vurderte som gode eller vonde menneske.

SYND - "Å GJERE URETT MOT NOKON"

Begrepa synd, tilgjeving og nåde er noko diffuse for meg. Dette med synd - i religiøs betydning handlar om det å bryte med Guds vilje. I mitt livssyn har eg ingen gud. Å gjere urett er kanskje det ordet som kjem næraast, sjølv om det ikkje er det same. For meg er det som skjer mellom menneska det som er det viktigaste. Du kan tru og tenke det du vil, så lenge du oppfører deg godt mot den andre. Tanken er fri, det er ingen som kan avgjera at du tenker feil. Det er det du ytrar, seier og gjer mot andre som er viktig.

Å gjere urett mot nokon er derfor det ordet eg vil bruke. Når ein gjere urett må ein stå til ansvar for det ein har gjort som menneske. Vi er født frie og dermed dømt til å velge. Vi er dermed dømt til å måtte stå til ansvar for det vi gjer.

TILGJEVING

Eg kan be om unnskyld for noko eg har gjort eller sagt. Som Human Etikar har eg ingen tredjeperson å be om unnskyldning eller tilgjeving til. Her blir forskjellen mellom kristendom og Human Etikken tydeleg. Eg kan måtte ta opp ting med andre som har gjort noko mot meg, eller som eg har gjort urett mot. For å kunne legge det bak meg må eg velje å sette ein sluttstrek for det.

Det er forskjell på unnskyldning og tilgjeving. For meg er tilgjeving djupare og vanskeliggjørande enn unnskyldning. Tilgjeving bruker eg når det har vore noko vanskeleg det som har skjedd, og det trengs gjerne meir tid for å kunne legge dette bak seg.

NÅDE - EIT UKJENT BEGREP

Nåde er eit ord som er brukt i Bibelen på bakgrunn frå eineveldig hersker. Nåde er at nokon har makt til å gi nåde til ein annan. Etter at eg fekk spørsmål om å skrive noko om dette har eg diskutert desse begrepa med ein ven, som òg er Human Etikar. Vi har diskutert dette mykje. I mitt livssyn er nåde eit ukjent begrep. Det er ingen parallelar til begrepet nåde slik eg kan sjå. Det er eit begrep som er framandt, og derfor har eg ikkje tenkt så mykje på det. For meg er det bunde opp mot eit religiøst livssyn.